

OKSASTØLEN (Djonno)

Høgdemeter over havet: 660 m

Lengde: ca 5,2 km frå parkering snuplassen.

Tid: 2- 2,5 timar frå parkering ein veg

Gradering: tung tur.

Vegskildring: Turen går frå Djonno: Køyr riksveg 13 gjennom Vallaviktunnelen og ta av til høgre mot Djonno og Tjoflot. Følg vegen heilt til endes av bygda ved ein stor snuplass på venstre side. Her går det ein skogsveg på høgre side av snuplassen. Det er skilta både her og undervegs til Oksastølen, Stokkrå, Ingebjørgnuten og Oksen. Følg skogsvegen som startar i Hetledalen i ca 2 km. Informasjon om både Oksen og Ingebjørgnuten heng på skilttavla ved vegen. Der skogsvegen flatar ut vil det stå skilt mot venstre til Oksastølen og Oksen, og mot høgre til Stokkrå og Ingebjørgnuten. Ved Storesvingen finn du ei skiltavle. Vidare i skogsvegen kjem du til eit nytt kryss der vegen til høgre går til **Fodnastøl**, og vegen til Oksen går mot venstre. Ved enden av skogsvegen **Balhaug**, står det skilt til både Oksastølen og Oksen, og du føl denne. Stien går bratt oppover og du går forbi **Fjellkleiv** (hoggorm ligg ofte og solar seg her på desse berga) før du etter kvart møter eit lite stikryss (frå Balhaug er det ca.15- 30 min til dette stikryssset)) der du skal gå rett fram til **Oksastølen**, medan stien til Oksen går mot høgre. Frå stikryssset er det 45- 1 time igjen til stølen. No går stien ned i Veheimsgjelet og du krysser Veheimselva Vidare skal du fylgje stien til Snjofonnsbrekka som lokalt no vert kalla Oksabrekka. Her får du fantastisk flott utsikt både utover og innover fjorden. Du er straks oppe. Siste partiet er nærmest flatt i lett skråterreng bortover og du får snart auge på stølshusa. Oksastølen ligg svært vakkert til. Det står ein flott stein på berget som det er verdt å ta bilete av mens ein nyter utsikta. Frå Oksastølen kan du nyte ei fantastisk utsikt ut fjorden!

NB! Denne turen er anbefalt å berre gå i fint vær då det kan vera både mykje tåke og glatt i dei bratte partia!

Turtips 1:Ein kan gå rett opp mot Oksen i frå Oksastølen via ein stor stein oppe i bakkane som heiter Gullknapp (ikkje merka).

Turtips 2: frå Oksen er det mange ruter å velja i ein kan gå ned til Tjoflot, Hamre, Selstad, Bjørndalen og Stokksel. Og ein kan gå frå Oksen vidare til Ingebjørgnuten.

(Sjå eigne turskildringar for desse turane på www.granvin-turlag.no)

GOD TUR Granvin Turlag!